

Tetta hol i lagshistorien.

10.02.2017



Konsentrert gjeng gjorde godt arbeid med lagshistorien.

Uskedal musikklag som rundar 81 år 1.mars kan sjå tilbake på ei innhaldsrik og interessant lagshistorie. Som alle lag har også dei hatt sine labre periodar, og frå 1998, og i ein tiårsperiode etter det, vart det skrive lite i møtebøkene. Derfor møttest noverande medlemmer onsdag for å retta opp noko av dette.

Etter mange aktive og gode år der korpset heldt godt nivå, byrja det å røyna på utover hausten 1997. Fram mot 2001 var det liten aktivitet, og så fulgte nokre år der aktiviteten gjekk i bølgedalar. I alle åra spela korpset ved julegrantenninga og på julefesten i Vonheim. Nokre år var det alt dei gjorde, medan andre år var det jamnlege øvingar og fleire spelinger gjennom sesongen.

Etter labre sesongar vart korpset drege i gang att hausten 2010, og sidan det har laget vore i god drift, hatt bra med spelinger med få, men svært stødige medlemmer. I dag har korpset 12 musikarar, og mest alle har vore med heile denne perioden.

I perioden med ujamn aktivitet vart også ingenting skrive ned. Derfor møttest dei fleste musikklagsmedlemmene på naustet til Audun og Liv Eik onsdag kveld for å rekonstruera og få skrive ned så mykje som mogeleg frå dei åra med låg drift. Svært mykje kom på plass. Nokre hadde førebudd seg godt, og andre stilte med god husk. Dermed vart holet i denne tiårsperioden i lagshistorien fylt så godt som det let seg gjera.

Arbeidet gjekk kjapt takka vere den gode førebuinga, og etterpå var det ei særstund med kaffi, melkekaker og andre gode kaker som Liv og Margit Eik hadde vore meister for. Det toppa den vellukka samlinga.

Musikklaget er no inne i ein kjekk øvingsperiode. Dei håpar alltid at det skal dukka opp nye musikarar. Dersom det er nokon som har lyst å vera med, er det berre å stilla på øving eller ta kontakt med ein av musikarane. Laget øver tirsdagar mellom kl.20 og 21.30. Korpset stiller også svært gjerne opp og speler der nokon ønsker det. Dei har eit variert og publikumsvennleg repertoar.



Kaffi og gode kaker smakte godt etterpå.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.